



Reiseregulativ Suldal IL

Gjeld for betalende medlemmer i Suldal IL. Sjølv om reiseregulativet truleg aldri vil opplevast å vera «100%-rettferdig», er det tenkt som ei mest mogleg rettferdig fordeling av kostnadar og tilskot til det enkelte medlem og dei enkelte sær idrettane.

Generelle reglar Suldal Idrettslag

1. For å få godtgjersle skal ein ha betalt medlemskontingent for gjeldande år.
2. Reiserekning/stønad kan ikkje overstige kr 10 000 per person per kalenderår, uavhengig av kor mange idrettar personen deltar i.
3. Gruppeleiarane er ansvarlege for at alle som representerer Suldal Idrettslag har betalt medlemskontingent.
4. Skjema for reiserekning skal nyttast ved krav om utbetaling av reise godtgjersle, stønad eller startkontingent.
5. Dersom reglane ikkje blir overhaldne, skal godtgjersle eller refusjon ikkje utbetalast, og eventuelle utbetalingar kan fakturerast tilbake.
6. Desse generelle reglane gjeld for alle grupper i laget. For fotball og ski gjeld i tillegg egne særreglar.
7. Reiseregulativet skal godkjennast årleg på årsmøtet.

Generelle reglar for Suldal Idrettslag utanom gruppene Fotball og Ski

1. Suldal Idrettslag yt godtgjersle til medlemmer når dei deltek på stemne utanfor kommunen. Godtgjering for bruk av skyssmiddel innan kommunen vert ikkje dekkja med unntak av naudsynt rutebåt / ferje
2. Reisa skal skje på billigaste måte. Suldal Idrettslag har ingen ting imot at det vert nytta dyrare reisemåte dersom den/dei reisande sjølv dekkjer ekstrautgiftene.
3. Reiserekning skal leverast gruppeleiar for attestering og utbetaling snarast etter at reisa er avslutta om ikkje anna er avtalt.
4. Laget dekkjer reise og overnatting for utsendingar til ting og liknande.
5. Det vert utbetalt ei kilometergodtgjersle tilsvarande 50% av Statens satsar for kilometergodtgjersle og tilleggssats for passasjer.
6. Suldal idrettslag yt godtgjersle mot framvising av kvittering for overnatting på inntil 750 kroner pr. døgn. **Skal avtalast på førehand med gruppeleiar.**

Våre Hovudsponsorar



Oppdatert: 04.03.2026

Godkjent av Årsmøte 14.03.2026



7. For reiser der forventet total kostnad vert over 5.000 kroner skal reisa godkjennast i forkant – jfr. punkt 8.
8. Etter særskild førehandssøknad kan Suldal IL yte godtgjersle utover det som er fastsett i direktivet. Dette gjeld i samband med kurs, konferansar og kompetanseheving for trenarar, eller ved særskilde større idrettsarrangement. Søknad skal handsamast av det respektive gruppestyre eller hovudstyre
9. Friidrettsgruppa betaler startkontingent til deltaking i KM eller kretsstemner på bane eller terrengløp. Dette gjeld ikkje for vaksne. I Friidrettsgruppa får ein ikkje dekka reiseutgifter.
10. Alle reiser skal vere i samsvar med gruppebudsjettet før avreise. Dersom budsjettet ikkje har sett av midlar til reiser, skal reisa ikkje gjennomførast utan særskilt godkjenning frå gruppestyret eller ansvarleg leiar

Lagidrett - fotball

1. Medlemmer av fotballgruppa/hovudstyret/andre som representerer Suldal IL fotballgruppa, utpeikt av gruppeleiar:

- a) Suldal Idrettslag dekker reise og overnatting ved deltaking på møte, seminar, kurs, kretsting med meir i regi av Rogaland Fotballkrets og/eller Norges Fotballforbund og/eller Norges Idrettsforbund i Rogaland. Skal avtalast på førehand med gruppeleiar.
- b) Ved deltaking på liknande aktivitetar nemnd i 1a) utanfor Rogaland, skal dette avtalast med gruppeleiar på førehand. Eigne avtalar skal lagast med utgangspunkt i rammene for fotballgruppa sitt budsjett. Ein kan ikkje venta 100% dekning for slike reiser.

2. Seniorlag:

- a) Suldal Idrettslag betaler reise til/frå seriekampar, treningskampar og treningssamlingar for spelarar og trenarar på seniorlag innanfor Rogaland Fotballkrets sitt nedslagsområde.
- b) Utlegg for lengre reiser skal avtalast med gruppeleiar på førehand og egne avtalar skal lagast med utgangspunkt i rammene for fotballgruppa sitt budsjett. Ein kan ikkje venta 100% dekning for slike reiser.
- c) Kollektivtransport kan nyttast innanfor Rogaland Fotballkrets sitt nedslagsområde. Heile summen blir dekka.
- d) For privatbil gjeld 50% av staten sine satsar for køyregodtgjersle og tilleggssats for passasjer.
- e) Bruk av taxi skal godkjennast av gruppeleiar på førehand. Ved godkjenning blir heile summen dekka.

Våre Hovudsponsorar



Oppdatert: 04.03.2026

Godkjent av Årsmøte 14.03.2026



- f) Treningar og oppmann/kvinne utpekt av gruppeleiar kan skriva reiserekning til trening, kamp, treningssamling og liknande utanfor Suldal kommune.

3. Aldersbestemte lag Suldal IL:

- a) Treningar utpekt av gruppeleiar kan skriva reiserekning ved deltaking på cup, treningssamling og liknande bortsett frå i Suldal kommune, Sauda kommune, Vindafjord kommune, Hjelmeland kommune, samt grenda Røldal.
- b) Det blir ikkje utbetalt reiserekning til føresette som køyrer spelarar til kamp, cup eller trening/treningssamling. Dette blir sett på som dugnad. Me oppmodar føresette til å dela på utgifter dersom nokon køyrer meir enn andre.
- c) Suldal Idrettslag dekkjer overnattingsutgifter til treningar og andre reiseleiarar utpekt av gruppeleiar ved cup eller treningssamling.

4. Suldalsgutane- og jentene:

- a) Treningar utpekt av gruppeleiar kan skriva reiserekning til treningar i Prestavikjo dersom ein har meir enn 20 km reise ein veg frå heimstaden.
- b) Treningar utpekt av gruppeleiar kan skriva reiserekning til kampar, cup, treningssamlingar og liknande innanfor Rogaland Fotballkrets sitt nedslagsområde.
- c) Ved deltaking på cup, treningssamling eller liknande utanfor Rogaland Fotballkrets sitt nedslagsområde skal trenar gjera eigen avtale med gruppeleiar på førehand. Avtale skal lagast med utgangspunkt i rammene for Suldalsgutane- og jentene sitt budsjett. Ein kan ikkje venta 100% dekning for slike reiser.
- d) Suldalsgutane- og jentene dekkjer overnattingsutgifter til treningar og eventuelle andre reiseleiarar utpekt av gruppeleiar ved cup eller treningssamling.
- e) Det blir ikkje utbetalt reiserekning til føresette som køyrer spelarar til kamp, cup eller trening/treningssamling. Dette blir sett på som dugnad. Me oppmodar føresette til å dela på utgifter dersom nokon køyrer meir enn andre.

5. Gjeld alle i fotballgruppa: Suldal Idrettslag

- a) Reisa skal skje på billigaste måte. Suldal Idrettslag har ingen ting imot at det vert nytta dyrare reisemåte dersom den/dei reisande sjølv dekkjer ekstrautgiftene.
- b) Reiserekning med kvitteringar skal leverast gruppeleiar for attesting og utbetaling. Ved enkeltreiser snarast etter at reisa er avslutta. Ein kan samla opp fleire reiser og leverast samla reiserekning snarast mogleg etter sesongslutt, og **seinast 1. desember**.
- c) Gruppeleiar peiker ut reiseleiar.
- d) Det vert utbetalt ei kilometergodtgjersle tilsvarande 50% av Statens satsar for kilometergodtgjersle og tilleggssats for passasjer.

Våre Hovudsponsorar



Oppdatert: 04.03.2026

Godkjent av Årsmøte 14.03.2026



- e) Ved turar/samlingar organisert av fotballgruppa der det er tydeleg rabatterte prisar på overnatting/reise/mat, vil det ikkje vera høve til å skriva reiserekning.
- f) Etter særskild førehandssøknad kan Suldal Idrettslag yta godtgjersle utover dei satsane som er fastsett i reiseregulativet i samband med kurs, konferansar, større idrettsarrangement og liknande. Søknad skal handsamast av det respektive gruppestyre eller hovudstyre.

Individuell idrett - Ski

1. Dekning av utgifter til skirenn

- a) Suldal IL dekkjer startkontingent for skirenn, bortsett frå skirenn som klubben er arrangør av og turrenn (Vasaloppet, Birkebeiner etc.)
- b) Suldal IL yt godtgjersle for medlemmer som deltek på enkelte skirenn utanfor kommunen, for å gi eit bidrag til å dekkja utgifter medlemmer har med reise- og overnatting.
- c) Søknad om godtgjersle kan søkjast om i etterkant av rennet, ved å dokumentera at ein har hatt utgifter i samband med reisa.
- d) Frist for søknad om støtte/godtgjersle for skirenn arrangerte i perioden 1. januar til 30. april skal sendast inn seinast 10. mai same år. For skirenn arrangerte i perioden 1. mai til 31. desember er søknadsfristen 10. januar påfølgjande år.
- e) Skjema som ligg på www.suldal-il.no skal nyttast i søknaden, og sendast til ski@suldal-il.no og kasserar@suldal-il.no
- f) Junior- og seniorløparar skal gå i Suldal IL-klode på renna. Dersom utøveren er forplikta til å bruka andre drakter, gjennom lagavtalar, skal det brukast Suldal IL lue eller panneband ved NM og Norgescup-renn.
- g) Suldal IL yt ikkje godtgjersle til reisefølgje/føresette etc. som følgjer med på skirenn.

Følgjande renn vil bli støtta:

- **KM DEL1 og DEL2 på ski:**

Det blir ytt stønad per KM-helg i ski som blir arrangert utanfor Ryfylke. Stønad gjeld for ski-klassane G/J 13 år og eldre, det vil seie dei som kan bli kretsmeister, og oppover. Utøvarar som er yngre enn dette, har ikkje rett på slik støtte. Stønad utgjer kr 500 per KM-helg.

Våre Hovudsponsorar



Oppdatert: 04.03.2026

Godkjent av Årsmøte 14.03.2026



- **Hovdenrennet**
Klubbturn med felles samling og måltid på laurdagen skal dekkast i samsvar med gruppebudsjettet frå Suldal IL. I tillegg skal 10 % av overnattingskostnaden dekkast av Suldal IL. Resterende overnattingskostnad blir fordelt per.person. (evt. Stønad mottatt som blir søkt eksternt går med på å redusera egenandel overnattingskostnad)
- **13-14 år: Ungdommens Holmenkollrenn**
2000 kr per helg.
- **15-16år: Hovedlandsrenn**
2000 kr per helg.
- **17-20år: NC junior**
2000 kr per helg (4 helger totalt).
- **17-20år: NM junior**
2000 kr per helg
- **21år og eldre: NM senior**
2000 kr per helg
- **21år og eldre: NC senior**
2000 kr per helg (4 helger totalt).
- **Til og med 26 år:** Andre renn kan vurderast etter søknad. Då gjeld same reglar som for renna ovanfor: 2000 kr per helg, og maks beløp per sesong per utøvar: 10 000 kr. Søknad sendast til gruppeleiar i skigruppa. Søknaden vert handsama av gruppestyret eller hovudstyret i Suldal IL.

Våre Hovudsponsorar



Oppdatert: 04.03.2026

Godkjent av Årsmøte 14.03.2026